

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 25/22. Søknad frå Aurland skyttarlag om gåvepremie til samlagsstemne i baneskyting

Saksopplysing/vurdering

Aurland skyttarlag søker fjellstyret om eit tilskot til kjøp av gåvepremie til jubileumsstemne i 2022. Jubileumsstemne skal haldast 8. og 11. juni. Søknaden frå skyttarlaget ligg ved (motteken den 30/5).

Det er føreslege 3 ulike alternativ til storleik på bidrag; kr 1000, 1500 eller 2000. Skyttarlaget driv verdfull skyteopplæring og trening for både konkurranseskyttarar og jegerar. For fjellstyret er det naturleg å støtta opp om dette – særleg den delen av aktiviteten som går på å betra skytedugleiken til jegerane i kommunen.

Fjellstyret har i budsjettet for 2022 sett av kr 10.000 til tilskot til allmennytige føremål. Til no i år er det ikkje løyvt noko av denne potten.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret løyver kr 2000 til Aurland skyttarlag som bidrag til gåvepremie til jubileumsstemne.

Fjellstyrekontoret, den 7.6.22

Harald Skjerdal



AURLAND SKYTTARLAG

Postboks 62, 5741 AURLAND
<http://aurland.skytterlag.no>
Kontonr. 3745.10.15541
Org.nr 984 421 788

Aurland 10. mai 2022

Til bedrifter i Aurland Kommune

Søknad bidrag til gavepremie jubileumstemne 2022.

Aurland Skytterlag fyller 150 år som aktivt lag i år. Markeringa av 150-års jubileet vil skytтарlaget gjere gjennom 4 arrangement i løpet av året.

- Open dag i skytehallen/Aurlandshallen laurdag 19. mars kl 12-16. – gjennomført.
- Jubileumsstemne/samlagstemne bane 8. og 11. juni 2022.
- Næringslivssamling, paintball turnering, og konsert på skyteanlegget, laurdag 20.august
- Festmiddag i samband med årsmøte 29. oktober 2022 for inviterte gjester og medlemar
- Eige jubileumshefte

Vonor du ønskjer å bidra økonomisk til gjennomføringa av samlagsstemna i baneskyting i juni med pengar eller gåvekort. Bidrifa di vil få navnet som givar av gavepremie på stemna. Vidare vil alle bidreftene som bidreg profilert seg gjennom jubileumshefte som kjem seinare på året. Det er forventa ca 150 deltagarar på samlagstemne i juni.

Vi tillet oss å kome med tre storleikar på bidraget, og som då vil vise att på storleiken på logoen i jubileumshefte.

Storleik I: kr. 1.000.-

Storleik II: kr. 1.500.-

Storleik III: kr. 2.000.-

Det vil under stemna stå oppslag med navn på alle som har bidrige med premie, og kvar enkelt premie blir påført givaren sitt navn og opplyst om ved utdelinga.

Ser fram til dykkar bidrag og bed om at dette blir meldt til skyttarlaget innen 1.juni. Melding sender du på e-post til Aurland@skytterlag.no eller som bankinnbetaling til:
Kontonr: **3745.10.15541** merka med **gavepremie samlagstemne bane 2022.**

Med vennlig helsing

Aurland Skytterlag, Magne Forberg, leiar Harald Borlaug, kasserar

 Aurland
Energiverk AS

 Solidenergy

 Sogn
SPAREBANK

1

 sognenett

 joker